

1. Mål og prioriteringer | 2. Om utlysningen | 3. Opprett søknad

Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFFVEST)

REGIONALE BEDRIFTSPROSJEKT - FLEIRE TEMA (2019)

Utlysing av midlar til fleirårige FoU-prosjekt. Små- og mellomstore bedrifter (SMB) og store bedrifter som samarbeid med SMB-bedrifter kan søke om inntil kr. 3 millioner. Søkjar må ha adresse i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane kan søkje.

Annen støtte Velg

Søknadsfrist: 13.02.2019 13:00 CET

MELDINGER:

Hugs alle krav til søknaden - spesielt obligatoriske vedlegg (prosjektbeskriving, CV'ar og partnarskjema for bedrifter.) Ufullstendige søknadar kan verte avviste.

STATUS:

Gjennomført

ANTATT TILGJENGELIGE MIDLER:

Samla er det sett av kr. 22 millionar til dei to utlysingane av regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt med søknadsfrist 13. februar 2019.
Ramma kan verte endra.

Føringer og viktige forhold for alle søknadstyper i utlysningen:

Regionale bedriftsprosjekt skal utløyse FoU-aktivitet som spesielt bidrar til forskingsdriven innovasjon i bedrifter.

Innovasjoner forstår vi her som nye eller vesentleg forbetra produkter, tenester, prosessar, produksjonsprosessar, organisasjonsformer eller forretningsmodellar med vidare, som vert tatt i bruk for å oppnå verdiskaping i næringslivet og for regionen.

Prosjekta skal bidra til eit berekraftig næringsliv, verdiskaping og å trygge eller bidra til nye arbeidsplassar på Vestlandet.

Dei som kan søke er små og mellomstore bedrifter (SMB), store bedrifter som samarbeider med SMB-bedrifter eller samanslutning av bedrifter i fondsregionen der SMB-bedrifter er med. Søkjar må dokumentere at dei har knytt til seg personar med forskingskompetanse og erfaring med forsking og/eller at dei samarbeider med forskingsinstitusjon/ar i eller utanfor fondsregionen.

Tema

Fondet ønskjer å stimulere til klima- og miljøvenlege løysingar, industrialisering og vidareforedling av naturgitte og stadbundne råvarer frå regionen.

Søknader må vidare rette seg inn mot eit av desse deltema:

Innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan havnæringar og energinæringar

Forskinga skal gjelde klima- og miljøvenlege innnovasjonar innan:
- Havnæringar
- Energinæringar
- Andre næringar, når ein nyttar teknologi og/eller kompetanse frå havnæringar eller energinæringar

Fondet vil innan dette temaområdet også stimulere til teknoloigiutvikling basert på digitale forretningsmodellar.

Innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi

Forskinga skal gjelde innovasjonar innan berekraftig matproduskjon og bioøkonomi.

Fondet vil innan dette temaområdet også stimulere til teknoloigiutvikling basert på digitale forretningsmodellar.

KONTAKTPERSONER

Jone Engelsvold - Hordaland fylkeskommune
Turi Kvame Lorentzen - Rogland fylkeskommune
Randi Lotsberg - Hordaland fylkeskommune

Skriv ut siden



Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFFVEST)

Regionale bedriftsprosjekt - fleire tema (2019)

ANNEN STØTTE

Spesielle føringer:

Krav til kven som kan søkje

- Prosjektansvarleg bedrift må vere lokalisert i Hordaland, Rogaland eller Sogn og Fjordane og vere registrert med organisasjonsnummer.
- Utlysinga retter seg særleg mot små og mellomstore bedrifter (SMB).
- Dersom store bedrifter søkjer, må dei ha prosjektsamarbeide med ei eller fleire SMB-bedrifter i regionen. Definisjon av bedrift og storleik følgjer EU sitt regelverk.
- Prosjektansvarleg kan óg vere samanslutningar, til dømes foreining, organisasjon eller samskipnad av bedrifter. Det er krav om organisasjonsnummer.
- Søkjar må dokumentere at dei har knytt til seg personar med forskingskompetanse og erfaring med forskingsarbeide og/eller at dei samarbeider med forskingsinstitusjon/ar i eller utanfor fondsregionen.
- Kompetanse vert dokumentert med CV for alle sentrale FoU medarbeidarar i prosjektet.

Krav til søknaden og obligatoriske vedlegg

- Søknaden er innan formål og rammer for utlysinga og søknadstypen. Det betyr særleg at søknaden må ha eit tydeleg forskingsinnhald og rette seg mot tema for utlysinga.
- Søknaden er sendt inn som eSøknad på "Mitt nettsted". (Når ein opprettar søknad vert ein automatisk kopla dit. Der er elektronisk søknadsskjema)
- **Obligatorisk vedlegg 1:** Prosjektbeskriving etter oppgitt mal og format (10 sider) - Her er malen DOCX - 107 KB
- **Obligatorisk vedlegg 2:** CV med publikasjonsliste for prosjektleiar og sentrale prosjektmedarbeidarar (maks 4 sider per CV)
- **Obligatorisk vedlegg 3:** Partnaropplysningar for søkjar og alle bedriftspartnarar etter oppgitt mal - her er malen DOCX - 90 KB
  NB. Alle partnarane skal også førast opp i søknadsskjemaet.
- Andre vedlegg er ikkje tillatne og vil ikkje verte tatt med i søknadsvurderinga. Manglande obligatoriske vedleggg kan føre til at søknaden ikkje blir vurdert.
- Søknaden skal skrivast på norsk eller engelsk

Støttebeløp, kostnadar og tidsramme

- Prosjektperiode på inntil 3 år
- Støttebeløp på inntil kr. 3 millionar
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og prosjektrelaterte utstyrs- og driftskostnader
- Støtte vert gitt etter kategoriane «Industriell forsking» og «Eksperimentell utvikling» i Statsstøtteregelverket. Merk at store bedrifter kan få lågare statsstøtte enn SMB-bedrifter.
  Ta kontakt med sekretariatet dersom du har spørsmål om dette.
- Utrekning av eigenfinansierte kostnader skal følgje Forskingsrådet sine reglar. Dette gjeld særleg timekostnad for eigne tilsette, men også andre utgifter som kostnad knytt til bruk av eige utstyr etc
- Berre kostnader ført i eige prosjektrekneskap og i rekneskapen til søkjarbedrifta kan vere grunnlag for støtte frå RFF Vestlandet. All timekostnad for eigar eller tilsette i ei bedrift må vere utbetalt som løn. Ikkje lønna timar for eigar eller tilsette i ei bedrift kan ikkje reknast

som eigeninnsats i prosjekta. Fordeling av kostnader mellom bedrifter som samarbeider i prosjektet vert dokumentert med faktura der også eigeninnsats går fram.

- Universitet, høgskular og forskingsinstitutt er leverandør av FoU-tenester. Dei skal fakturerer alle sine kostnadar til bedriftene i prosjektet.
- Tidlegaste dato for prosjektstart: 19. juni 2019

Ufullstendige eller mangelfulle søknadar vil kunne verte avslått utan fagleg vurdering.

VURDERINGSKRITERIA

Her er kriteria som søknader vil verte vurdert etter.

SJEKKLISTE FOR SØKNADAR

Når du sender inn søknad på "Mitt nettsted" må du sjølve passe på at alle krav i utlysinga er oppfylt og obligatoriske vedlegg er med. Gå gjennom denne sjekklisa for å sikre at søknaden oppfyller dei formelle krava og kan verte fagvurdert.

Har du kontrollert at søknaden er i tråd med utlysinga?	
Har du fylt inn alle punkt i søknadsskjemaet?	
Har du nytta obligatorisk mal for prosjektskildring? Har du svart på alle spørsmåla i malen?	
Har du lagt ved CV for sentrale FoU-medarbeidarer, som syner at det er forskingskompetanese i prosjektet?	
Har du fylt ut partnarskjema for eigen bedrift og bedrifter som deltek i prosjektet?	
Har du sjekka at søknadsbeløpet er i høve til regelverk for støtte?	

TIPS: Forskingsrådet har god rettleiing om "Mitt nettsted" og søknadsskjemaet under ***Ofte stilte spørsmål***

Tidligste tillatte prosjektstart: 19.06.2019
Seneste tillatte prosjektslutt: 31.12.2022
Maksimum varighet (i måneder): 36
Maksimum søkt beløp (i tusen): 3000

Behandlingsprosedyre:

Sekretariatet for fondsstyret vurderer om søknadane fyller krava i utlysinga, inkludert om alle obligatoriske vedlegg er med. Søknader som fyller krava går vidare til ekstern ekspertvurdering i samarbeid med Forskingsrådet. Sekretariatet vurderer dei administrative kriteria. Sekretariatet lager så ei innstilling til fondsstyret, som fattar endeleg vedtak om tilsegn eller avslag på søknadane.

Fondet tek seg retten til å diskutere søknaden med andre offentlige virkemiddelaktørar når det er relevant for søknadsbehandlinga.

FORVENTET TIDSPUNKT FOR SVAR PÅ UTFALLET AV SØKNADSBEHANDLINGEN:

20. juni 2019. Då legg vi ut oversikt over prosjekt som får vedtak om støtte på denne nettsida.

Alle søkjarar vil så få skriftleg svar med vurdering av søknaden.

Skriv ut siden